

Valprogram for **Strand** **Venstre**

for perioden 2011-2015



www.strand.venstre.no

venstre

Eit liberalt Strand

Venstre er det eldste partiet i Norge, og det einaste som tuftar politikken sin på sosial-liberalismen. Vi meiner at fridom, lukke og velferd for kvart einskild menneske må vere målet for samfunnet. Politikken til Venstre er å sameine fridom med ansvar for kvarandre.

Personleg fridom er ein føresetnad for å ta ansvar for eigne handlingar og for å ta omsyn til medmenneska våre. I menneskesynet til Venstre ligg ei overtyding om at alle har evne til å skape gode liv både for seg sjølv og andre. Vi trur at meir mangfold, individuell fridom og rom for livsutfalding vil gje meir medmenneskeleg samfunn.

Venstre er uroleg for miljøet, og vi vil arbeide for at Strand tek sin del av ansvaret for å snu utviklinga. Mennesket har ansvar for å bruke og ta vare på miljø og samfunn på vegne av dei komande generasjonane. Politiske avgjerder må ta omsyn til toleevna til naturen. Venstre er eit framtidsoptimistisk miljøparti som tek forvaltaransvaret på alvor.

Det er godt å bu i vakre Strand med kort veg til både hei og hav. Med planlagt fastlandssamband til Stavanger på plass vil presset på skular, barnehagar, sjukeheimspllassar og tomter auke. Dette vil gje oss nye utfordringar, men også nye sjansar. Økonomisk styring og langsiktige kommuneplanar er viktige redskap for å nytte veksten best mogleg.



Visjonen til Strand Venstre

Vi vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der innbyggjarane i Strand har fridom og handlerom, der vi tek ansvar for kvarandre og miljøet. Samfunnet skal vere prega av toleranse, rettferd og likeverd. Borgarane er frie og medverkande, og tek ansvar både for seg sjølv og medmenneska sine.

Prioriteringsliste

- 1. Oppvekst**
- 2. Omsorg, særleg i høve til Samhandlingsreformen.**
- 3. Kultur**

Kunnskap og like moglegheiter

"Ein skule for kunnskap krev fagleg sterke lærarar"

Skulane i Strand står over for store utfordringar når det gjeld bygningsmasse. Aukande elevtal aukar presset på eksisterande skular. Behovet for nye bygg må takast på alvor i komande periode. Vedlikehaldsbudsjettet må aukast for å tilfredsstilla krava til skulebygg standard. Skulane må sikrast rammer for undervisninga slik at den einskilde eleven sine behov ved læringa kan imøtekoma. Det må også leggast til rette for at skulane har rom og utstyr for å drive etter dei overordna læreplanane.

Alle elevar har rett til å gå på nærskulen, og Strand Venstre vil jobbe for at alle barn skal trygg og god oppvekst i eige nærmiljø.

Skulen skal gje elevane lærelust og skaparglede, og skal vere ein arena for kunnskap, kompetanse og meistring. Ei viktig oppgåve for skulen er å medverke til danning gjennom læring om toleranse og demokrati. Dyktige og motiverte lærarar er nøkkelen til ein god skule. Lærarar og skuleleiarar må få nødvendig fagleg oppdatering og etterutdanning, og meir av arbeidstida må fristillast til skuleutvikling og kontakt med elevane. Strand Venstre vil redusere oppgåvene som stel tid frå undervisninga.

Skulen spelar også ei sentral rolle i nærmiljøet, og bør vere ein naturleg samlingsstad også etter skuletid. Delar av skulelokala må kunne nyttast som nærmiljøsenter.



Strand Venstre vil:

- ha målretta tiltak så tidleg som mogleg for barn som krev særskild oppfylgjing og ha søkjelys på arbeidet mot mobbing i skulen.
- styrke tilrettelegging av systematisk vidare- og etterutdanning av lærarar.
- ha færre elevar pr. lærar og gode skulebygg.
- etablere/oppretthalde skulebibliotek/mediatek på alle skulane.
- ha ein gjennomgang av testar og rapportar i skulen, for om mogleg redusere desse.
- det må tilretteleggast for fysisk aktivitet, og skulen må kunne nyttast av nærmiljøet etter skuletid.
- styrke skuleleiinga slik at rektor får meir tid til pedagogisk leiing.
- at alle elevar skal oppleve meistring gjennom eit godt læringsmiljø og tilrettelagt undervisning.
- tenkje langsiktig om skuleutbygginga i Strand.

Eit klimavenleg samfunn

"Ja til eit kreativt og miljøvenleg næringsliv"

Vi bur i eit Norge i miniatyr, med strender, fjell og fjordar. Venstre prioriterer å ta vare på lokalmiljøet slik at barn og barnebarn også kan ha glede av flott kulturlandskap og urørd natur. Kollektivtilbodet i kommunen skal vere eit godt alternativ til bil, og både Jørpeland og Tau bør utviklast slik at det er naturleg å parkere bilen i utkanten og ha bilfrie handlegater.

Både samfunnet og den einskilde tener på å vere fysisk aktive. Venstre ynskjer kraftig satsing på gang- og sykkelstiar slik det blir naturleg å velje sykkel til småturar i lokalmiljøet. Det er både god helse- og miljøpolitikk.

Strand Venstre vil:

- arbeide for god kollektivtransport til Stavanger og lokalt i Strand.
- at kommunale nybygg som hovudregel skal byggast etter passivhus eller lågnergistanndard.
- at det ved kjøp av nye bilar i kommunal regi skal veljast bilar med lite utslepp.
- arbeide for utbetring av stasjonar for bilar som nyttar biodiesel, propan/LPG, hydrogen eller elektrisitet.
- bruke overordna planverk for å sikre at arealpolitikken tek omsyn til biologisk mangfold, jordvern og kulturlandskap.
- ta omsyn til biologisk mangfold ved handsaming av enkeltsaker.



Varm velferd når du treng det

"Meir til dei som treng det mest."

Strand Venstre vil gje dei grunnleggande velferdstenestene der folk bur. Nærleik til omsorgs-tilboda er eit kvalitetsteikn på ei god teneste for brukaren. Kommunen skal sjå til at alle, uavhengig av stand og stilling, skal få fullgode velferdstilbod.

Venstre meiner at målet for samfunnet må vere å gje einskildmennesket høve til å leve eit godt liv. Menneska er ulike, har ulike behov og ynskjer ulike løysingar. Velferdstilbod må alltid bygge på respekt for den einskilde sin integritet og i større grad tilpassast den einskilde sine ynskje og behov. Som brukarar skal vi kunne stille krav om meir fleksible og tilpassa tenester som skal vere tilgjengeleg når vi treng dei. For Strand Venstre er ein person som ber om hjelp frå det offentlege ein borgar, eit medmenneske, ikkje ein klient.

Kommunen må få økonomiske rammer for å kunne gjennomføre dei nødvendige velferds-tiltaka som sentrale styresmakter vil påleggje kommunen i nærmaste framtid gjennom "Samhandlingsreformen". Ein føresetnad for å utvikle gode tilbod er lokal forankring, gjerne i samarbeid med grannekommunar.

I ein pressa kommuneøkonomi må ein nytta kromene smart. Kjøp av tenester frå grannekommunar og private aktørar må vurderast etter pris og kvalitet, men Strand kommune står også i ein god posisjon til å selge gode og konkurransedyktige tenester til grannekommunane.



Strand Venstre vil:

- styrke det førebyggande helsearbeidet i kommunen, særleg retta mot born og unge.
- tilby sjukleheimspllassar til alle som treng det.
- styrke rehabiliteringsfunksjonane ved dei etablerte institusjonane slik at ein kan avlaste sjukhusa.
- styrke dei heimebaserte tenestene slik at eldre kan bu lengst mogleg i eigen bustad dersom dei ynskjer det sjølve.
- auke tilboden om dag- og korttidspllassar.
- tilby rusmisbrukarar eit forsvarleg behandlingsopplegg, og styrke ettervernet.
- få på plass ein handlingsplan slik at ein kan tilby bustad til vanskelegstilte søkjavarar.
- styrke psykiatritenesta ved å følge opp framlegga i opptrappingsplanen.

Eit kreativt og verdiskapande næringsliv

"Framtidas velferdssamfunn er avhengig av eit nyskapande næringsliv."

Strand har lange industritradisjonar m.a. med mølledrift og smelteverk. Ryfasttunnelen vil gje vekst både i folketal og verksemder. Strand Venstre vil aktivt stø næringsetableringar, særleg verksemder i startfasen, og for verksemder som har lukkast, men treng forståing og støtte frå kommunen for å kunne møte veksten. Strand Venstre vil arbeide aktivt for fleire opparbeidde næringstomter i Nordmarka, og vil at Strand kommune skal vere ein aktiv støttespelar for lokalt næringsliv og lytte til behov verksemndene har.



Strand Venstre vil:

- arbeide aktivt for fleire opparbeidde næringstomter i Nordmarka.
- gå gjennom planen for næringstomter og avtalar om tilbakeføring av slike tomter frå pukkverket, i Nordmarka.
- at Strand kommune skal vere aktiv støttespelar til lokalt næringsliv og lytte til behov verksemndene har.
- at politikken til kommunen skal vere næringssøytral og ikkje favorisere enkelte bransjar/aktørar.
- vektlegge allsidig næringsstruktur gjennom planarbeid, arealdisponering og utbygging av infrastruktur.
- satse på elevbedrifter i skulen, gjerne i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og lokalt næringsliv.
- tilby verksemder i etableringsfasen lokale og infrastruktur til kostpris.
- arbeide for gode kommunikasjonsløysingar i regionen.
- at Strand skal marknadsførast som inngangsporten til Ryfylke og legge til rette for opplevings- og båtturisme.
- at Strand skal ha eit godt tilbod til turistane som kjem til kommunen, inkludert eit turistkontor.
- legge til rette for sykkel- og fotturisme som ein viktig del av det lokale tilbodet

Stem Venstre for:

Kultur

"Ja til større kultursektor og eit kreativt Strand"

- styrke stønad til lokale lag og organisasjoner.
- vidareføre drifta av Folkets Hus.
- arbeide for tilbod om kulturskuleplass til 30 % av grunnskuleeleverne.
- redusere elevbetalinga i kulturskulen og innføre søskensmoderasjon.
- drive fortløpande vedlikehald av turstiane på Tau og Jørpeland.
- syte for at friluftstilboda, så langt praktisk mogleg, blir tilrettelagt for funksjonshemma brukarar.
- styrke bibliotektenesta slik det kan skapast kulturelle møteplassar med impulsar frå ulike kulturar.
- sjå positivt på samarbeid mellom kommunen og private aktørar for å bygge nytt kulturhus på Jørpeland.

Utvikling av lokalsamfunnet


"Ein kommune med mangfold av attraktive, levande og inkluderande tettstadar"

Jørpeland

Venstre vil at byplanlegginga legg vekt på variasjon i utbygginga. Siktemålet må vere jamnvekt mellom forretningbygg, bustadbygg, kaféar, små møteplassar og grøntareal. Slik planlegging vil skape eit levande sentrum også utanom vanleg forretningstid. Venstre meiner det er viktig å bygge ut Jørpelandsholmen som eit rekreasjonsområde for ryfylkebyen.

Tau

Kommunen må i sterkare grad delta i arbeidet med å utvikle Tau sentrum. Venstre meiner at



sentrumssplanen må utvidast til også å femne om større deler av Tau-området. Eit levande sentrum krev sterke fortetting. Parkeringsanlegg bør leggast bort frå gangareal, men med god tilkomst til sentrums-funksjonane.

Utkantane

Områda utanfor Jørpeland og Tau står for store delar av verdiskapinga i kommunen, og den største skatteinntakaren ligg på Fiskå. Det er derfor viktig for Strand Venstre å legge til rette for auka busetnad også utanfor tettstadane.

Samferdsel

Strand Venstre vil:

- auke kapasiteten og kveldsavgangar i ferjesambandet Tau-Stavanger, og ta vare på eit godt tjenestetilbod på land.
- at el-bilar får fritak for bompengar i Ryfast-tunnelen.
- sikre eit godt pendlartilbod gjennom Ryfast m.a. ved kombinasjon av parkeringsplass på Solbakk og hyppig bussavgangar.

Kandidatane våre



1. **Vebjørn Moen** (34)

Seniorkonsulent, DNV,
Voster

2. **Einar Berge** (71)

Pensjonist,
Jørpeland



3. **Knut Falk** (63)

Fiskar,
Jørpeland



4. **Carleen Hettervik** (55)

Husmor,
Fiskå



5. **Ørjan Bråtveit Berge** (30), Idse.

6. **Guri Nag** (56), Tau.

7. **Knut Ivar Austvoll** (24), Jørpeland.

8. **Leif Tore Berge** (37), Jørpeland.

9. **Holger Ivar Austvoll** (54), Jørpeland.

10. **Kåre Lars Skår** (67), Tau.

11. **Magnus Cornelius Olsen** (54), Jørpeland.

12. **Brit Riis** (65), Tau.

13. **Arlid Barka** (25), Jørpeland.

14. **Laura Halsne** (47), Jørpeland.

15. **Helge Erland** (32), Jørpeland.

16. **Sølve Hatteland** (35), Tau.

17. **Laila Helene Helgeland** (63), Jørpeland.

18. **Terje Riis** (68), Tau.

19. **Trond Petter Olsen** (25), Jørpeland.

20. **Magnar Hapnes** (66), Tau.



venstre

www.strand.venstre.no